



Etter nokre svært kjekke tilbakemeldingar når det gjeld bildet og verset vi presenterte tidlegare i dag, vel vi å leggja ut heile diktet. Verset er nemleg midterste av tre vers i songen Daltrekk og draum som Olaf Agnar Gausvik laga for nokre år sidan. Songen vert ramma inn av to nye, vakre bilde fotografert av Einar Gjertsen.

DALTREKK OG DRAUM.

Tone: Flicka frå Backafall


Gøymd attom øyar; men følgjer eg fjorden
langsetter landet på leitande ferd,
bikkar eg berre litt styrbord på roren,
stemner så fram til ei heilt anna verd:
Storsund med småskjer, med nes og med vikar
gjer meg så inderleg fege og fjåg.
Her er eg sutalaus fante og frikar;
stilt glir eg inn på min heimlege våg.

Barndommens landskap, det kjende og kjære,
speglar seg vensamt iblikrande sund.
Her har eg ferdast frå fjell og til fjære,
no er eg gjest her ei signerik stund.
Eventyr er det for syn og for sansar,
fargane flyt og Vår Herre held fest;
berre ein svalandeaustavind dansar

alt medan solkula gløder i vest.

Her skal vi møtast som nabo og neste
utan å sjå etter bjelke og flis,
tolka all mistru og tvil til det beste;
venskap og vørðnad skal vera vårt vis.
Dette er draumen som ingen kan stela,
lever han i deg, så lengtar du heim
der du kan kjenna langt inne i sjela,
daltrekken mildna til linnaste sveim.

Tonen er laga av svensken Gunnar Turesson, og songen er lett og god å syngje. Kanskje den bør på programmet på Allsong i sjøkanten på Systrene Nilsen hvis den suksessen vert fulgt opp denne sommaren? Om nokon vil prøve den, kan dei høyre melodien i fleire versjonar på Youtube.com.



Nett: Thor Inge Døssland.